



**Vår ref.**

13/1596/033/BEOS/70258820

**Dato:**

01.04.2014

## Årsmelding 2013 - Eldrerådet i Norddal

Eldrerådets medlemmer og varamedlemmer for perioden 2011-2015:

Politisk valde:

Unn Linge Valdal

Personleg vara:

Harald Fossheim

Eldrerepresentantar:

Svein Vidar Normann, leiar (F/V P.lag)

”

Mons Heggen (F/V P.lag)

Dagny Lovise Eide, nestleiar (K P.lag)

”

Anne Sofie Aarset (K P.lag)

Ellinor Ruset (F/V P.lag)

”

Synnøve Rem (F/V P.lag)

Harald Storås (K P.lag)

”

Marie Rønneberg (K P.lag)

Eldrerådet er eit lovfesta organ som skal ha til handsaming alle saker som er til politisk handsaming i kommunen, og som gjeld levkåra for dei eldre. Dei har også høve til på eige initiativ å ta opp saker til drøfting og ev. uttale.

Rådmannen har vore sekretær for eldrerådet, og i tillegg vert administrativ ressurs ved servicetorget (politisk sekretær) nytta i arbeidet. I 2013 har rådet hatt 5 møter, 22 saker og gitt 9 uttalar.

Av saker som har vore handsama/ orientert om el. drøfta i rådet i 2013, vert nemnd:

- Skredsenter i Tafjord – dispensasjon for heis
- Vurdering av kjøkkendrift pleie og omsorg
- Omfang og struktur pleie og omsorg – delrapportar
- Framdrift på nytt hovudbibliotek
- Frivilligsentralen – vurdering av auke til 100%
- Betalingssatsar pleie og omsorg 2014
- Budsjett 2014 – Økonomiplan 2014-2017
- Bustadsosial plan

Eldrerådet har hatt godt samarbeid med pensjonistlaga i kommunen og Pårørande- og brukarforeininga for omsorgstenestene i Norddal.

Rådet har 2 representantar i styringsgruppa for Den kulturelle spaserstokk i kommunen.

Rådet har hatt to synfaringar – Valldal sjukeheim og rådhuset og skrevet rapport.

Opplysningsarbeid/utadretta virksomheit:

Leiaren har vore og orientert om rådet og rådet sitt arbeid i organisasjonar.

To av rådet sine medlemmar har blitt intervjuet av den lokale pressa.

Saker som ikkje vart følgt opp i 2013:

- Ønskje om møte med formannskapet
- Ønskje om orientering om samhandlingsreformen sin innverknad på det totale helse- og omsorgstilbodet i kommunen
- Ønskje om internt kurs/opplæring om kommunal forvaltning og aktuelle lover

Rådet har sendt to saker til Kontrollutvalet i kommunen.

Svein Vidar Normann  
leiar

Bente Klakken Osvik  
konsulent/sekretær